

Referat frå kommuneplanseminar dag 2 31.03.11.

A. TEMA FOR KOMMUNEPLANSEMINARA:

Dag 1

Korleis ser me på oss sjølve?

Kva med framtida vår?

Dag 2

Korleis ser andre på Kviteseid?

Korleis ser framtida ut?

Dag 3

Visjon (sjekk ut mot forventningar + fasit)

På dag 2 var det m.a. invitert to innleiarar, Knut Vareide frå Telemarksforsking og Geir Berge Nordtveit fylkeskultursjef som såg på Kviteseid utanfrå.


Vareide bruka ulike analyseverktøy for å omtale attraktiviteten til ein stad, m.a. ”Attraktivitetspyramiden”:




## Attraktivitetspyramiden

- Stedlig attraktivitet langs tre dimensjoner
- Forklare steders utvikling
- Redskap for utviklingsstrategier

28.04.2011






# Attraktivitetspyramiden



## Attraktivitetspyramiden:

Steder kan være attraktive for:

- ✓ Bosetting
- ✓ Besøk
- ✓ Bedrifter (i basisnæringer)



Vareide oppsummerte sitt foredrag slik:




## Oppsummering:

**Steders utvikling er et resultat av samlet attraktivitet med hensyn til:**

**Bosetting**

**Besøk**

**Bedrifter/basisnæringer**



Det vart sett ned gruppearbeid som skulle koma med tankar/idear rundt hovudtema for dagen.

Gruppene kom med fylgjande innspel:

### **BUSETTING:**

- Attraktive bustadtomter både i bustadfelt og utanfor bustadfelt
- La folk få byggje der dei ynskjer å bu – vera løysingsorienterte
- Frigjera "tomme" gardsbruk
- Rimlege bustader
- Utleigebustader

### **UTVIKLING:**

- Interkommunalt samarbeid – "unne naboen suksess!"
- Regionalt samarbeid
- "Hjelpe" nabokommunen
- Hente "kompetanse"
- Utvikle og profilere noko som er unikt for Kviteseid (ved å bruke det me har)
- Snakke vel om kvarandre – gjera kvarandre gode, drive aktiv "framsnakking" – vera positive
- Spørje ungdomen – kva gode minne dei har
- Mobbing – jobbe aktivt mot det
- Utvikle gode haldningar hjå barn og unge – styrke identiteten hjå barn og unge
- Skape gode oppvekstmiljø – trygge og "bindande" nettverk
- Skape arbeidsplassar
- Utvikle infrastruktur – vegar/høgfartsbane osv.
- Få til eit mangfald i kunnskap – skape fagmiljø
- Skape gode møteplassar – for unge og gamle
- Tettstadutvikling
- Framleis ha god kvalitet og utvikle kvaliteten i skule og barnehage vidare – samarbeid på tvers av kommunane
- Skape ein stoltheit over der me kjem frå – bruke det me har og "marknadsføre", identiteten vår
- Tilrettelegging av badeplassar – turstiar – løypenett
- Bruke media – fortelje dei gode historiene
- Take innflyttarar vel i mot og take vare på dei – gjerne ha ein velkomstkomite og ei "velkomstpakke"
- Bli endå betre på å bruke/profilere seg på internett – arrangement/kva skjer osv.
- Skal Kviteseid vera ein nynorskkommune – hemmar dette kommunen?
- Heve servicenivået i kommunen
- Kommunen må vera imøtekommande – positiv
- Kommunen si "PR-teneste" – kommunen sitt andlet utad må utviklast
- Måten å "take i mot på" – må utviklast

### **BEDRIFT:**

- Jobbe for å få strategiske kompetansearbeidsplassar
- Stor breidde i praktiske kunnskapar gagnar næringslivet
- Vera solidariske med dei butikkane og næringslivet me har i kommunen
- Take vare på handverkstradisjonane
- Jobbe for å få arbeidsplassar til Vest-Telemark
- Halde på og skape nye arbeidsplassar

### **BESØK:**

- Take godt i mot turistar
- Meir rydding langs vegar og strendar så ein ser kommunen
- Merkevarerbygging – Morgedal – Kviteseid/Kanalen – Vrådal – utvikle merkevarer me alt har
- Utvikle og profilere noko som er unikt for Kviteseid (ved å bruke det me har)
- Tilrettelegging av badeplassar – turstiar – løypenett